



Fløssvika Utvikling AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Deres ref.:

Vår ref.:
21/10614 - 5 / LIMOHE

Vedtaksdato:
22.02.2022

Løyve til seksjonering av gbnr 195/253 - Alver kommune

Administrativt vedtak. Saknr:

Bakgrunn for saken:

Fløssvika Utvikling AS har som heimelshavar sendt inn søknad om oppdeling av eigedomen gbnr. 195/253 i ei bustadsameiga bestående av totalt 4 seksjonar. Det er søkt om og gitt løyve til oppføring av 4 bustadbygg på eigedomen. Kvar av seksjonane skal ha eksklusivt uteareal. Kvar bueining på eigedomen skal etter seksjoneringa utgjere ein eigen bustadseksjon.

Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 195/253 i 4 eigarseksjonar godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
1	1/4	B	G
2	1/4	B	G
3	1/4	B	G
4	1/4	B	G

Saksutredning:

Bygningar:

J.f. situasjonsplan og planteikningar, er det fire stk. bustadhus med to etasjar. Det er ein bueining i kvar av bygga. Alle bueiningane/seksjonane har eigen inngang frå sine egne eksklusive uteareal. Kvar av seksjonane har tilgang til nødvendige funksjonar frå eige areal eller felles uteareal.

Oppmålingsforretning:

Det er rekvirert oppmålingsforretning for tilleggsareal i grunn. Det er ønske frå rekvirent at oppmålingsforretninga vert gjennomført som ei kontorforretning utan oppmøte i marka. Landmålar i saka finn at dokumentasjonen som er sendt inn er tilstrekkeleg til å kunne gjennomføre saka som ei kontorforretning. Det er nytta koordinatar som vart sendt kommunen som vedlegg til rekvisisjonen ved oppretting av tilleggsareala.

Oppmålingsforretninga vart varsla på vanleg måte, og gjennomført som kontorforretning den 23.02.2022.

Faktiske opplysninger:

Søknad om seksjonering er innsendt kommunen og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonskart som viser avgrensing for eigedomen og eksklusivt tilleggsareal for seksjonane
- Planteikningar som viser seksjonsinndeling
- Vedtekter for sameige
- Rekvisisjon av oppmålingsforretning
- Kopi av løyve

Vurderinger:

Kommunen finn at seksjoneringssøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekvirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokumenta saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikkelbrev for eigedomen etter seksjonering med saksdokumenta sendt rekvirent.

Klage:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneleva §23 nr.4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. Fvl. §28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottekte. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gylding, eller krav om erstatning må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Fvl, §27b.

Gebyr:

Heimelshavar ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjoneringssaka etter gjeldande regulativ og dekker kostnad knytt til tinglysing av saka.

Med hilsen

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Matrikkelkart for utandørs tilleggsareal	1696264	23.02.2022
Seksjoneringsteikningar	1696265	23.02.2022
Søknad om seksjonering	1696266	23.02.2022
Vedtakter for sameige	1696267	23.02.2022
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak	1696271	23.02.2022

Mottakere:

Fløssvika Utvikling AS Alvervegen 25 5911 ALVERSUND